

## **Fråsegn til høyringsframlegg «strategi for forvaltning av hjortevilt, 2025-2030», frå administrativt fagnettverk for vilt i Sunnfjord og Nordfjord**

### **Generelt til høyringsframlegget**

Vi meiner framlegg til strategi gjev gode føringar for forvaltning av hjortevilt. Samanlikna med tidlegare strategiar meiner vi han har eit betre oppsett, med ein god overordna visjon og tydelegare satsingsområde og prioriteringar av tiltak (inkludert fordeling av ansvar). Vi vil framheve at det er viktig at han vert følgt opp gjennom årleg evaluering og rullering av tiltaksdelen.

Vi saknar oversikt over, og omtale av, relevant lov- og forskriftverk i strategien som viser kva sektorovergripande og fagspesifikt lovverk hjorteforvaltninga må halde seg til. Gjerne som ei hierarkisk oversikt på same måte som figuren med aktørane i hjorteviltforvaltninga (figur 1 i høyringsutkastet). Det er viktig at det vert tydeleg kva lovverk som gjeld overordna, m.o.t. krav til artsforvaltning, dyrevelferd med vidare, som anna lovverk lyt innordne seg.

Vi ser føre oss at det er behov for nokre overordna tiltak som byggjer opp under fleire av strategiens satsingsområde. Vi meiner spesielt at det er behov for kursing av jegerar og grunneigarar om relevante målsetjingar for alle satsingsområda. Vi ønsker oss ein oppdatert informasjons-/kurspakke ala «Målrettet hjorteforvaltning betre ressursutnytting», som vart laga i 2003, eller skogkurs sitt hefte «Forvaltning av elg og hjort» frå 2025. Vi ser føre oss ein pakke med fokus på grunneigaranes og jegeranes rolle i høve til strategiens visjon og målsetjingar.

### **Om visjonen**

Vi finn det svært positivt at visjonen legg opp til ei endring i norsk hjorteviltforvaltning: Frå ein jaktkultur delvis basert på flest og størst mogeleg til eit fokus på kva som er det beste for hjorteviltartane i seg sjølv. Det er difor viktig at det vert konkretisert (for aktørane i viltforvaltninga) kva som ligg i omgrepet «robuste bestandar», enten direkte gjennom forklaringar i strategien eller gjennom tiltak prioritert i strategien.

I NINA Rapport 1701 vert t.d. genetisk robust bestand omtalt slik:

«Inntil relativt nylig var det store rovdyr som var den viktigste begrensende og regulerende faktoren for elg og hjort, og blant de viktigste driverne av den evolusjonære utviklingen til disse artene. Med andre ord er elgen og hjortens biologi i all hovedsak et produkt av de økologiske prosessene som fant sted før mennesket tok over rollen som det viktigste og mange steder, eneste rovdyret.

En slik bestand kan vi oppnå ved å velge en sterkt kalv- og ungdyrdominert avskytingsstrategi og midlertidig øke den relative avskytingen av hunndyr inntil bestandens kjønnsrate er omkring 50:50. En slik bestand vil være genetisk robust som følge av balansert kjønnsrate og høy kalveandel i avskytingen, og vil også bestå av relativt sett færre dyr vinterstid»

### **Om satsingsområda og målsetjingane:**

1. «Grenselaus forvaltning» og målet om at «Forvaltningen av hjortevilt skal skje på en skala som minimum tilsvarer deres leveområder, og forvaltningen skal være kunnskapsbasert i alle ledd».

Vi meiner det er viktig at heile hjorteviltforskrifta blir revidert når den nye viltressurslova er tredd i kraft, jamfør pkt. 1.3 «Lovverk». Mellom anna meiner vi at nokre av reglane i dagens forskrift er lite eigna til å fremje grenselaus forvaltning. Det gjeld spesielt reglane for minsteareal og godkjenning vald og bestandsplanområde.

Desse reglane er særleg problematiske for område med høg bestandstettleik, som hjå oss. Dagens krav til minsteareal for godkjenning av vald og bestandsplanområde gjer til at vi må godkjenne særsmå vald og bestandsplanområde. Dette er svært uheldig for å kunne få til ein god valdstruktur for å kunne få ei samordna og målretta forvaltning. Vi meiner difor desse reglane må endrast eller fjernast.

2. «Arealbrukskonflikter» og målet om at «Hjorteviltets leveområder skal ivaretas, og omfanget av arealbrukskonflikter skal reduseres»


Til punkt 2.2 «Redusere viltpåkørsler og lidelser for hjorteviltet»: Vi ber om at det vert vurdert om vegmeldingssentralen kan ta over som varslingsorgan for viltpåkørsler i staden for politiets 02800.

3. «Vilthelse» og målet om at «Dyrevelferden og helsetilstanden i hjorteviltbestandene skal ikke forringes ytterligere som følge av menneskelig aktivitet, og bestandene skal forvaltes på en måte som gjør dem robuste».

#### Bestemmelse af alder på grundlag af krop



1 år:  
Virker slank og højbanet.  
Hals tynd og langstrakt, ingen manke.  
Fejet i september.  
Færdes næsten altid sammen med  
hænder og kalve



2 - 3 år:  
Endnu slank, hals kraftigere men stadig  
langstrakt.  
Der anes manke. Hoved virker spids.  
Fejet i slutningen af august.  
Færdes ikke længere med hænder og kalve,  
men ofte i ungdomsklubber.



4 - 6 år:  
Virker massiv. Hals tykkere med tydelig  
manke. Hoved virker mere stump.  
Tyngdepunktet rykker frem mod forlæbene.  
Fejet i begyndelsen af august



7 - 9 år:  
Virker meget massiv.  
Hale og hoved føres lavt. Manke veludviklet.  
Ryg ikke mere vandret men faldende bagud  
Fejet i slutningen af juli.



10 + år:  
Det virker som her ikke er nogen hals.  
Kraftig manke.  
2/3 af vægten hviler på forlæb.  
Sværgættet efter skuldrene.  
Færdes oftest alene.

Figur frå [www.kronhjort.dk](http://www.kronhjort.dk)

Til punkt 3.4 «Dyrevelferd og helsetilstand»: Tiltaket som er nemnt under dette punktet må ha høgaste prioritet og eventuelt framhevast som eit overordna tiltak, jamfør våre

merknader under avsnittet «Generelt til høyringsframlegget» (ovanfor). Arbeidet med rettleiar må kome i gang så raskt som råd er og kan i alle høve ikkje vente til år 2030. Det er viktig at det kjem ut ein (eller fleire) rettleiar(ar) som kan takast i bruk innan kortast mogeleg tid, så får ein heller revidere han/dei fortløpande ved behov. Det å avklare kva kvalitetsmål kommunane og grunneigarane skal jobbe etter for å fremje «robuste bestandar» er heilt avgjerande for at Strategiens visjon og målsetjingar skal late seg realisere.

Vi tenkjer det er viktig at det vert nytta enkle/sjølvforklarande illustrasjonar i rettleiingsmateriellet ala figuren ovanfor, henta frå den danske nettsida [www.kronhjort.dk](http://www.kronhjort.dk), som viser aldersbestemming hjå bukk utifrå kroppsfasong.

#### 4. «Framtidas jaktutøving» og målet om at «Forvaltningen skal ha hovedfokus på bestandenes robusthet etter jakt»

Til Punkt 4.3 «Teknologisk utvikling»:

Vi ber om at det vert lagt til fleire tiltak under dette punktet:

- Prosjekt som undersøker kva verknadar det er av at termisk kikkertar er tatt i bruk i høve til sett og skutt- indeksar med meir.
- Oppdatere rettleiar for å gjere det tydeleg korleis jegerar skal registrere dyr i sett og skutt ved bruk av termisk kikkert.
- Vurdere behov for endringar i Sett- og skutt-skjema i samband med bruk av termisk kikkertar.

Til punkt 4.4 «Rolleforståing»:

Vi meiner det må tydeleggjerast kva «spissa kommunikasjonsstrategi og arenabygging» inneber. Kva innhald og plattformer har ein tanke om å utvikle og nytte, kven er målgruppe osv.

#### 5. «Hjorteviltet som næring» og målet om at «Innenfor rammene av langsiktig forvaltning som sikrer god dyrevelferd og robuste bestander, kan lokal næringsutvikling basert på hjorteviltressursen videreutvikles»

Restaurantnæringa bør få informasjon om kva visjonen om «robuste bestandar» vil føre til med omsyn til kva type hjorteslakt dei kan vente vert tilgjengeleg, frå storviltjegerane.

Vidare bør ein etablere tiltak som kan sikre juridiske og økonomiske rammer som fremjar sal av kjøt gjennom lovlege kanalar.

*Sunnfjord/Nordfjord 30.10.2025*

Bjørn Henry Marthinussen, Bremanger kommune/s.

Magnus Frøyen, Kinn kommune/s.

Joar Helgheim, Sunnfjord kommune/s.

Sigbjørn Rolandsen, Stryn kommune/s.

Lindis Østgård, Gloppen og Stad kommunar/s.

Kenneth Aaland, Fjaler og Askvoll kommunar/s.